



Dkg. Kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	13/1018-11	14/12669	N-000/	05.01.2015

Høyring om endringar i RLE-faget

Viser til høyring om endringar i RLE-faget publisert 22.10.14.

Religion, livssyn og etikk er eit ordinært fag som normalt skal samla alle elevane. Etter at faget vart innført har me ikkje hatt søknader om fritak i Ullensvang. Faget har vore samlande slik målet er. Me ynskjer oss ikkje tilbake til den tida der elevane i ein klasse vart delt etter kva livssyn dei hadde.

Ullensvang er ein liten kommune med få innbyggjarar, men me har asylmottak, tek mot flyktningar og me har arbeidsinnvandring frå mange ulike land. Samla har me mange språk og religionar/livssyn representerte. For oss er det viktig å auka forståinga og kunnskapen om andre kulturar og religionar/livssyn. Det gjev oss større evne til å visa toleranse for andre.

Ullensvang herad ser ingen grunnar til at det bør gjerast endringar i namnet på faget eller at læreplanen skal endrast slik at det skal vera eit krav om at om lag halvparten av undervisingstida skal brukast til kristendomskunnskap.

Med helsing
Ullensvang herad

Inger Sekse
Pedagogisk konsulent

Sakshandsamar sin tlf: 53671573
Sakshandsamar si e-postadr.: inger.sekse@ullensvang.herad.no

Kopi til:
Rådmann Hedvig Moe Øren

Kopi til arkiv og kopibok